

Arkivsak
25/00309-1
Saksbehandler
Marianne Lundeborg



Saksgang
Tokke kontrollutval

Møtedato
13.03.2025

Prosjektplan sjukefråvær og bemanning - Tokke kommune

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan som den ligg føre frå Vestfold og Telemark revisjon IKS.

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjon om personell – arbeidsmiljø, er fyrste prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027, vedtatt av kommunestyret i sak 69/2024.

I bestillinga frå kontrollutvalet, sak 12/24, står det:

Personell arbeidsmiljø:

Kommunen sine skriftlege rutinar og sitt systematiske arbeid for å sikre eit godt arbeidsmiljø. Samt å førebyggje og redusere sjukefråvær og auke rekruttering – heiltidskultur.

Kommunen har bedt Bedriftshelsetenesta å gjennomføre ei kartlegging av arbeidsmiljøet i kommunen.

Arbeidstilsynet varsla tilsyn retta på muskel- og skjelettplager og psykiske plagar i Heimetenesta. Tilsynet er planlagt 28.04.25

Saksopplysninger

Vestfold og Telemark revisjon IKS v/Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dale møter for dialog om forvaltningsrevisjonsprosjektet og legg fram problemstillingane i prosjektplan.

Problemstillinger

Revisjonen foreslår følgjande problemstillinger:

- Har kommunen tiltak for å førebyggje og følgje opp sjukefråvær?
- Har kommunen tiltak for å sikre ein forsvarleg bemanning?

Her vil vi mellom anna sjå på kommunen sitt arbeid med

- å rekruttere tilsette
- heiltidskultur

Det kan vere vi må justere ordlyden i problemstillingane. Vesentleg endring vil bli avklart med kontrollutvalet.

Avgrensing

Det kan bli behov for å gjere avgrensingar i denne forvaltningsrevisjonen. Om det blir behov for å gjere vesentlege avgrensingar vil vi avklare det med kontrollutvalet

Oppstart og leveranse

Revisjonen vil starte opp arbeidet våren 2025 og levere rapport til kontrollutvalet hausten 2025. Planlagt ressursbruk er inntil 300 timar. Oppdragsansvarleg vil vere Anne Hagen Stridsklev.

Sekretariatets vurdering

Sekretariatet legg fram forslag om å godkjenne prosjektplan som den ligg føre.

Forvaltningsrevisor er bede om å møte, da arbeidsmiljø har vore diskutera i kommunen sia prosjektet blei vedteke, som fyrste forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Det er og satt i gang andre undersøkingar vedkomande arbeidsmiljø.

Det kan vere behov for å diskutere nytta av prosjektet som fyrst tenkt, og eller eventuelt endring av problemstillingane.

Vedlegg:

- Prosjektplan Tokke, Sjukefråvær og bemanning